

## Innbyggjarrekord i Uskedalen.

31.01.2017



Tilgang til bustadfelt og tomter er ein viktig føresetnad for folketalsvekst i Uskedalen.

Uskedalen har aldri hatt så høgt folketal som no, ein auke på 17 personar frå 2016. Innbyggjartalet er ved inngangen til 2017 på 1074 personar. Det totale folketalet i kommunen syner ein nedgang på 25 personar. Nokre bygder slit med ein negativ tendens, medan Halsnøy og Uskedalen kan syna til auke. Det er Grenda som har eit større oppslag på folketalsutvikling i dag.



[Sentrumsutvikling og andre miljøfaktorer er ein positiv faktor for auka tilflytting.](#)

Samanhengen er klar. I bygder med god tilgang på bustadfelt har auke i folketalet. Både i Uskedalen og på Halsnøy har det vore satsa på bustadfelt dei siste åra. Ei generell god bygdeutvikling vil alltid vera positivt for tilflytting.

Omvikedalen med vekst dei seks siste åra har hatt ein tilbakegang på 14 personar sidan 2016. Det totale folketalet i Kvinnherad er 13.203. Redaksjonen vil bruka meir tid på ein analyse av folketalet frå 1960 ( 780 ) til 2017 med rekorden på 1074 personar.

Tekst/foto/nett: Kristian Bringedal